NVE
Postboks 5091
Majorstua
0301 OSLO

Naturvernforbundet
Øst i Agder

24.09.2026

NVEs referanse i saka: 202402618-10

Uttale om utbygging av Lindlandsaga kraftverk i Nærestadvassdraget, del av det varig verna Vegårvassdraget

Naturvernforbundet Øst i Agder vil med dette uttale seg sterkt i mot den omsøkte kraftutbygginga i Nærestadvassdraget, som er del av Vegårvassdraget.

Dei viktigaste årsakene til at vassdraget ikkje må byggast ut ved Lindlandsaga kraftverk er:

1. Nærestadvassdraget er varig verna mot kraftutbygging

2. Den føreslåtte kraftutbygginga ved Lindlandsaga kraftverk vil redusere vassgjennomstrøyminga i den største fossen og strykområdet i Nærestadvassdraget og skape barriere for den raudlista ålen og andre artar som ligg til grunnlag for vernet av vassdraget

3. Ei kraftutbygging vil redusere landskapsverdiane i vassdraget og redusere verdien av vassdraget til turopplevingar og friluftsliv

4. Kraftutbygging i Nærestadvassdraget som eit lite kystnært vassdrag fører til at heilskapen av eit intakt vassdrag utan større nyare inngrep frå innland til kyst går tapt. Vassdraget har i tillegg til store natur- og landskapsmessige kvalitetar også kulturminne frå sager, fløting og produksjon til jernverka gjennom ein 400-års periode knytte til vasstrengen i vassdraget som ein av grunnane til det varige vernet.

Her er vidare utgreiing om dei einskilde punkta ovanfor (dokumentasjon/kjelder til dette er gjeve i søknad med vedlegg til Lindlandsaga kraftverk, offentlege dokument i NVE og NOU, undersøkingar før vernet blei innført i 1982-85 og seinare i 1991, lokalhistoriske bøker og skrift om vassdraget, innspel til søknad om Lille Lindland minikraftverk i 2013 og rettsaksdokument om Nærestadvassdraget):

1. Vassdraget er varig verna mot kraftutbygging i 1986 etter Verneplan for vassdrag III, som ein del av ein lang kamp frå miljørørsla si side for å verne dei siste representative vassdrag for kommande generasjonar.

   Som grunnlag for vernet ligg undersøkingar og beskrivingar av naturverdiar og kulturverdiar i og langs vassdraget, m.a. oppsummert i NOU 1991:12A). Karakteristisk og intakt vassmiljø med i form av rik fauna av insekt som er mat for fisk (m.a. ein uvanleg artsrik fauna av vårfluer, steinfluer og døgnfluer), stadeigen aure som hadde klart seg gjennom periode med sur nedbør og som blei utgangspunktet for reintroduksjon av aure til vassdrag som Tovdalsvassdraget der aurestammen var utdøydd på grunn av sur nedbør, rikt fugleliv med fossekall, vintererle, sangsvaner, grågjess, minst 5 andeartar vadefuglar, storlom, nattramn, traner, rovfuglfauna med fleire hekkande fiskeørnpar,

kvefsevåk i tillegg til kongeørn og havørn på matsøk. Storfuglprosjektet på Vegårshei registrerte gjennom år mange hekkingar også heilt i strandsonene langs vassdraget og mindre leikar langs vassdraget.

Ålefisket i Nærestadvassdraget var i fleire hundreår fram til fredinga av arten viktig som mat og inntekt, med ålefiskeanlegg i fossane i drift til rundt 1980 med levering av ål. Det er lett å observere ål i vassdraget også i dag, særleg ved oppgang i fossane i vassdraget. Dei skogkledde åsane rundt vassdraget er viktige område for storvilt og småvilt. Gamle mårfeller og observasjonar av mår, røyskatt og snømus m.a. rundt Nedre Savann vitnar om gode tilhøve for mårdyr langs vassdraget. Vegetasjonen langs Nærestadvassdraget varierer frå meir artsrike parti der variantar av bergarten amfibolitt har gjeve meir kalk i grunnen til meir artsfattige område med gneis dominert av gran og furu. Nær fossane er det variasjon av hengelav og knappenålslav, karakteristiske hinnemosar og gråmosar, den raudlista vaniljerot, betydeleg innslag av yngre tre av ask, lind og alm, svær osp og eldre kvistrik gran med hengelav og kvistlav langs vassdragsstrendene. Område med stor blokkmark i bratt lende langs fossane har mange artar av nålelav og skorpelav. Steer (fuktige enger langs vassdraget tidlegare slått med ljå) har karakteristiske innslag av blåfjør, hanekam, enghumleblom, myrhatt, nattfiol og marihandartar.

Det mest særmerkte med Nærestadvassdraget er nok likevel det urørte og lite utbygde området langs heile vassdraget. Det er prega av samanhengande skog av ulike typar, bratte og meir slake kollar og nokre få gardsbruk med svært lite jordbruksareal. Det er fleire fossar, der den største og lengste er Rykanfoss mellom Nedre Savann og Lindlandsvann, der heile vasstrengen blir heilt redusert av det omsøkte kraftverket.

Kulturverdiane langs vassdraget omfattar dei eldre og noko yngre fløtedammar og murar. I tillegg er det mange spor frå eldre tids bruk av skogen. Mellom anna med kolbotnar langs strendene av vassdraget der kol blei laga og frakta ned vassdraget og vidare ved Brenteberget i Nærestadvassdraget der Erik Munk som lensherre i Nedenes 1570-85 tok initiativ å lage overgangen til det varig verna Gjerstadvassdraget ved å bålsetje berget. Kola vart deretter frakte med hest og slede til jernverket på Eikelands Verk i Gjerstadvassdraget (varig verna etter verneplan I i 1973). Eldre tømmervegar for hest, ridevegar, postveg og holvegar brukt i hundreår ligg langsmed Nærestadvassdraget. Spor etter tidlege oppgangssager frå 1500- og 1600-talet med restar av produsert trematerialе og heimsmidde jerndelar ligg nedgravd i søgle langs strendene. Nyare sagbruk, det siste i drift til 1920-talet, ser vi i dag større murar etter. Dei mange kulturminna er utan nyare, større installasjonar, noko som bidreg til verneverdien av vassdraget.

2. Lindlandsaga kraftverk vil føre til at det største, lengste og mest dominerande fosse- og strykområdet i Nærestadvassdraget får ei vassgjennomstrøyming som er så liten at den raudlista ålen og delar av den uvanleg rike insektfaunaen som var nokre av årsakene til det varige vernet, blir utsett for ein barriere i vassdraget. Ålen vil ikkje kunne gå opp vidare frå denne nedre delen av vassdraget. Det har vore, og er truleg framleis, eit uvanleg ålerikt vassdrag med ål på over 5 kg fiska og ålekar med fangst av hundrevis av stor ål fram til fredinga. Strekninga som skal leggast i røyr er lang, 700m. Eventuelle tiltak for ål vil ikkje gjelde insektfauna tilpassa stryk og fossar, som det er påvist i Rykanfoss, vist i vedlegg til søknaden.

3. Nærestadvassdraget er vurdert til å vere lokalt, men og regionalt viktig som område for friluftsliv. Vassdraget er mykje nytta av lokale og mange tilreisande til bading på mange eigna badeplassar i innsjøar og hølar, rasting og vandringar langs vassdraget, fiske og

isfiske, padling i kano og kajakk og overnatting i telt og hengekøyer, alt eit enkelt friluftsliv. Organisasjonar som speidar, 4H, fiskeforeningar, turlag og historielag nyttar vassdraget og strendene langs vassdraget.

4. Ei kraftutbygging i Nærestadvassdraget vil for all framtid øydelegge heilskapen i vassdraget, som eit kystnært vassdrag som uvanleg nok er nær urørd av nyare større inngrep. Den samfunnsmessige nytta av kraftverket vil vere langt mindre enn dei store ulempene for kultur- og ikkje minst naturverdiar.

Naturvernforbundet Øst i Agder håper respekten for det varig verna vassdraget og dei verdiane vassdraget har for natur og menneske nå og i framtida vil gjere at vassdraget ikkje blir utsett for kraftutbygging.

Nærestad, 24.09.2026

For styret i Naturvernforbundet Øst i Agder

Astrid Myhre